

REGION NORDHORDLAND

- Nordhordland Utviklingselskap IKS
Sekretariat - kontrollutvala

Til medlemmene av kontrollutvalet på Fedje

Erling Walderhaug
Mulevegen 80
5947 Fedje

Knarvik 05.09.17

MØTE I KONTROLLUTVALET

Vara vert kalla inn etter behov.

Stad: Møterommet, Fleirbrukskallen

Tidspunkt: **Tirsdag 12.09.17 kl. 11.00 –**

I samråd med leiar er der sett opp følgjande saksliste:

20/17	Godkjenning av innkalling og saksliste
21/17	Godkjenning av møteutskrift frå sist møte, 30.05.17
22/17	Skriv og meldingar: a. Referat frå samling den 06.06.17 for leiarane av kontrollutvala i Nordhordland
2317	Prosjektplan forvaltningsrevisjonsprosjekt
2417	Orientering om helse og omsorg
25/17	Orientering om korleis kommunen føl opp bruksendringar for bygg
26/17	Sak om kjøp av nøkkelferdige bygg
27/17	Vedtak i kommunestyret om lærplingplasser
28/17	Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval
29/17	Eventuelt

Med vennleg helsing

Erling Walderhaug (s)
Leiar kontrollutvalet Fedje

Øivind Olsnes
Sekretariat

Kopi: Nordhordland Revisjon IKS
Fedje kommune v/ Ordførar og rådmann



KONTROLLUTVALET FOR FEDJE KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møtedato **30.05.2017**

Stad: Lunsjrommet, Kommunehuset

Kl.: 09.00 – 11.00

Tilstade: Erling Walderhaug (leiar), Anna Marit Storemark (nestleiar) og Inger Steinsbø

Innkalla: Rådmann Ingebjørg Vamråk

Revisjon: Reidar Bjørsvik og Randi Rykkje, Nordhordland Revisjon IKS

Sekretær: Tonje Husum Aarland

Forfall:

10/17 Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent. Kontrollutvalet vil minne på at kommunen også henger oppslag med innkalling og saksliste på aktuelle stader.

11/17 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjente møteutskrifta frå 08.02.2017.

12/17 Skriv og meldingar

a. KS vedtak sak 08/17

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

13/17 Årsrekneskap 2016 og revisjonsmelding – uttale frå kontrollutvalet

Saksvedlegg: Rekneskap og årsmelding for 2016, Fedje kommune. Revisjonsrapport nr. 12 og revisjonsmelding for 2016, Nordhordland Revisjon IKS.

Rådmann og revisjonen møtte i denne saka.

Kontrollutvalet gjekk gjennom årsrekneskapen for 2016, og stilte spørsmål til administrasjon og revisjon om tilhøve kring revisjonsrapporten, årsmeldinga og rekneskapen.



Samrøystes vedtak:

Med tilvising til det som her er nemnd vedtok kontrollutvalet å gi slik uttale til kommunestyret om Fedje kommune sin årsrekneskap for 2016:

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for Fedje kommune for 2016. Saman med årsrekneskapen låg føre årsmelding frå rådmann samt revisjonsmelding for 2016 og revisjonsrapport nr. 12.

Kontrollutvalet meiner at presentasjon av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og notar, tilfredsstiller brukarane sitt informasjonsbehov.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen for 2016 syner eit positivt netto driftsresultat på 5,3 mill. kr. Dette er om lag 4 mill. kr høgare enn budsjettert. Netto driftsresultatet er 4 mill. kr høgare enn 2015 og viser ein forbetra utvikling frå tidlegare år. Driftsutgiftene har ein auke på 6% frå fjoråret, mens nettoinntektene har auka 12%. Det er særleg rammetilskot og andre (statlege) overføringerar som har auka frå kva som var budsjettert av inntekter i 2016. Desse er forklart i årsmeldinga.

Rekneskapsskjema 1B viser fordeling til drift. I reg. budsjett var det tenkt fordelt 53,4 mill. kr, medan det faktiske beløpet som vart fordelt var 59,2 mill. kr. Totalt vart det brukt 54,8 mill. kr fordelt på drifta, som ga eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 4,4 mill. kr. Dei avvika på kvart ansvarsområde i rekneskapsskjema 1B er mindre avvik.

I investeringsrekneskapen – skjema 2B er der mindre avvik i forhold til vedteke budsjett, slik at budsjettet ligger nær rekneskapen. Til saman er avvika på ca. 1 mill. kr og det er gjort greie for status for dei ulike investeringsprosjekta i årsmeldinga.

Kontrollutvalet har merka seg revisjonen sine kommentarar og tilrådingar i Revisjonsrapport nr. 12, som mellom anna peikar på:

- Interimsrevisjon for 2016
- Nedskriving av anleggsmidlar
- Uteståande krav
- Rutinar for kontantkasse
- Rutinar for leverandørreskontro
- Avstemming av lønsområdet i balansen
- Disponering av disposisjonsfond og budsjettendringar jamfør kommunestyrevedtak

Utover dette og det som går fram av revisjonsmeldinga til årsrekneskapen og revisjonsrapport nr 12 datert 24.05.17, har kontrollutvalet ingen merknader til årsrekneskapen for Fedje kommune for 2016.

14/17 Orientering frå rådmann om aktuelle saker i Fedje kommune

Rådmann Ingebjørg Vamråk vart tilsett som rådmann i Fedje kommune i 2016. Ho orienterte om aktuelle saker i Fedje kommune, og peika særleg på:



- Krav til formelle vedtak
- Økonomisk situasjon
- Kommunale planar
- Kompetanseheving

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

15/17 Orientering om forvaltningsrevisjonsrapport «Rutinar for oppfølging av barn i fosterheim. Austrheim kommune 2016»

Saksvedlegg: Forvaltningsrevisjonsrapport «Rutinar for oppfølging av barn i fosterheim. Austrheim kommune 2016», Nordhordland Revisjon IKS

Austrheim kontrollutval har bestilt og fått framlagt forvaltningsrevisjonsrapport av barnevernstenesta i Austrheim kommune. Fedje kommune har avtale med Austrheim kommune om barnevernstenesta, og kontrollutvalet i Fedje kommune ønska å sjå rapporten når denne var ferdig.

Prosjektet var avgrensa til å undersøkje rutinar for oppfølging av barn i fosterheim og revisjonen kom med desse tilrådingane til barnevernstenesta i Austrheim kommune:

- Kartlegga myndighetskrav som føl av lov og i medhald av lov, operasjonalisera krava til handlingar og skildra handlingsrekjkjene som prosedyrar i skriftlege rutinar.
- Sikra at formålet med oppgåva som rutinane skal ivareta, er skildra i rutinane.
- Nytt dokumentmalane som vedlegg til rutinane, og la dette gå fram av rutinane.
- Samla alle rutinar i eit heilskapleg system for sakshandsaming i barnevernstenesta, slik at ein unngår å ha fleire parallelle og ufullstendige kvalitetssystem.

Administrasjonen gjennomgjekk dei avtalane som føreligg mellom Fedje kommune og Austrheim kommune om barnevernstenesta.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for gjennomgangen og tek saka til orientering.

16/17 Bestilling av prosjektskisse av forvaltningsrevisjonsprosjekt

Kommunestyret godkjente i sak 008/17 ny plan for forvaltningsrevisjon med forvaltningsrevisjonsprosjekt innan offentleglov og innsyn, etter innstillinga frå kontrollutvalet i sak 04/17.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil med dette bestille prosjektskisse av forvaltningsrevisjonsprosjekt innan offentleglov og innsyn.



17/17 Orientering om prosessane kring utskifting av representantar i politiske utval

Kommunelova § 16 inneheldt reglane for opprykk og nyval av representantar i politiske utval. Lova seier mellom anna at dersom eit medlem av kommunestyret trer endeleg ut eller får varig forfall, trer varamedlemmet frå vedkommandes gruppe inn viss organet er vald ved forholdsval. Dersom det er eit medlem av anna folkevald organ enn kommunestyret, veljast eit nytt medlem, sjølv om det er vald varamedlem.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

18/17 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

Det var ingen merknader til møteprotokollar frå politiske utval.

19/17 Eventuelt

A. Sak om kjøp av nøkkelferdige bygg

Det vart stilt spørsmål kring Fedje kommune sitt vedtak om Fedje Senter AS og bygging av 6 boliger, slik det kjem fram i sak 088/15, i KS møte 17.12.2015. Det føreligg mellom anna ein avtale mellom Fedje kommune og Fedje Invest AS underskrevet 30.06.2016 om kjøp av 100% av aksjane i Fedje Senter AS. Kontrollutvalet ønskjer å få avklart om det er kjøpt 6 nøkkelferdige leiligheter eller om det er kjøpt 100 % av aksjene i Fedje Senter AS. Kontrollutvalet lurer også på om det er vurdert fordeler og ulemper ved kjøp av eit aksjeselskap eller kjøp av eigedom.

B. Vedtak i kommunestyret om lærlingplasser

I førre møtet vart det tatt opp spørsmål kring kommunestyret sitt vedtak om lærlingplassar i kommunen.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok eventuelt til orientering.

A. Kontrollutvalet ønskjer å få klarert om det er kjøpt nøkkelferdige eigedomar eller eit aksjeselskap i KS sak 088/15, om korleis kommunen har tenkt å følgje opp eit eventuelt aksjeselskap, og om ein har vurdert fordeler eller ulemper ved kjøp av eit aksjeselskap eller kjøp av eigedom.

B. Kontrollutvalet ønskjer å få tilsendt det gamle vedtaket som vart gjort om lærlingplasser i kommunen.




Neste møte i kontrollutvalet er 12. september kl. 09.00.

Saker til neste møte:

- Orientering om helse og omsorg
- Orientering om korleis kommunen følgjer opp bruksendringar for bygg

Fedje, 30.05.2017



Erling Walderhaug / leiar



Tonje Husum Aarland
Tonje Husum Aarland / sekretær

REFERAT

Til stades: Solveig Hopen – Austrheim, Erling Walderhaug – Fedje, Kåre Skibenes – Meland, Atle Reidar Eide – Osterøy og Arild Tverranger – Radøy
Forfall: Peder Jøsendal – Lindås, Arthur Sjursen – Masfjorden og Knut Moe – Modalen
Dato: 06.06.17 kl. 09.00 – 11.45
Stad: NUI, Knarvik
Referent: Tonje Husum Aarland / Bent Gunnar Næss

Samling for leiarane av kontrollutvala i Nordhordland

01/17 Val av møteleiar og godkjenning av saksliste

Kåre Skibenes vart valt som møteleiar. Sakslista vart godkjent.

02/17 Velkommen til ny kontrollutvalssekretær

Kontrollutvalssekretær Tonje Husum Aarland går ut i mammapermisjon 23. juni 2017. Vikar for henne i denne perioden vert Øivind Olsnes, tidlegare rådmann i Modalen kommune. Bent Gunnar Næss vert også tilgjengeleg ved behov.

03/17 Orientering om arbeidet med felles lønn- og rekneskapskontor

Janne Sund, økonomisjef i Lindås kommune, hadde ein gjennomgang av arbeidet med felles lønn- og rekneskapskontor for kommunane Lindås, Meland og Radøy. Det vart mellom anna peika på:

- Organisering
- Bakgrunn
- Satt i verk 01.08.18
 - Verksemどsoverdraging (vil bli drøfta) – Lindås kommune vertskommunen – lokalisert sentralt her i Knarvik
- Tydeleg på kva som det nye kontoret skal løyse – kva det skal ha ansvaret for
- Prosjektplanen – kva som skal leverast og kordan – Styringsgruppa sitt svar på bestillinga
 - Hovudleveransar
 - Risikovurdering
- Prosjektet held framdrifta
- Parallelt med dette vert det jobba med felles standard for dei 9 kommunane – jobbe likt og ta i bruk dei same verktøya

04/17 Orientering om IKT samarbeid i Nordhordland

Arthur Berg Reinertsen, strategileiar / fagleg rådgjevar IKT Nordhordland, orienterte om IKT samarbeidet i Nordhordland. Det vart mellom anna peika på:

- Historia og erfaringar

- IKTNH – formelt starta opp 01.09.11
- Stordriftsfordeler – felles avtaler – reduserte kostnader – og same verktøy i alle kommunane
- Organisering
 - Operasjonell modell
 - Juridisk
- Strategi
- Prosjekt – standardisere (Visma og lønn, Acos Eigedom, løysingar for skule og barnehage)

05/17 Gruppearbeid – Etikk i kommunen

Samlinga fekk refleksjonsoppgåver kring etiske dilemma i kommunen, og diskuterte korleis ein kan jobbe aktivt med etikk i kommunen.

06/17 Eventuelt

- Nordhordland Helsehus IKS
 - Bent Gunnar Næss orienterte kort om status for bygging av helsehus i Knarvik.

PROSJEKTPLAN: OFFENTLEGHEIT OG INNSYN, FEDJE KOMMUNE 2017.

Heimel

Kommuneloven § 77.4 pålegg kontrollutvalet å sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunane. Forvaltningsrevisjon inneber mellom anna systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.¹

Bakgrunn

Formålet med kommunen sitt arkiv- og journalarbeid er tosidig. For det første er det nødvendig for å tilfredsstilla dokumentasjonsbehovet, og for det andre er det vesentleg for å oppretthalda demokratiske rettigheter, som f. eks å kunne utføra kontroll med verksemda.

Servicekontoret og arkivtenesta er ofte det første kontaktpunktet mellom publikum og kommune. Ei velfungerande arkivteneste vil vera avgjerande for vidare kontakten mellom publikum og kommune, samt kommunen si påfølgjande sakshandsaming og tenesteyting.

Ytterlegare er innsynsretten i offentlege dokument ein hjørnesten i eit velfungerande demokrati. Offentlege prosessar skal vera opne og gjennomsiktige ovanfor allmenta. Innsynsretten bidreg til å sikra den offentlege kontrollen, samt å oppretthalda rettstryggleiken og tilliten til den offentlege forvaltninga.

Forvaltningsloven regulerer i første rekke sakshandsaminga ved avgjersler i den offentlege forvaltninga. Formålet med lova er å sikra den enkelte innbyggjar ei trygg og grundig sakshandsaming, samt likebehandling frå det offentlege si side. Dette tilseier at lova er til for å styrka rettstryggleiken og for å verna mot uheldige og uriktige avgjersler, samtidig som den skal letta sakshandsaminga i offentlege sektor. At kommunen er ein tenesteytar skapar forventningar hos den enkelte samfunnsborgar. Dette i forhold til tida det tar å handsama henvendingar, korrektheita i svara og vedtaka som vert fatta, og praktisering av likebehandling.

Føremål

Føremålet med forvaltningsprosjektet er å undersøkja om Fedje kommune har etablert system for journal- og arkivarbeidet, og for å ivareta rett til innsyn i offentlege dokument.

Avgrensing

Revisjonsgjennomgangen er avgrensa til områda arkiv og journalarbeid, og dokumentinnsyn. Rammene for prosjektet tillet ikkje å foreta ein fullstendig gjennomgang av dei ulike områda, men ein kontroll av verksemda opp mot enkelte lovkrav og eventuelt av kommunen sine eigne vedtak og føresetnadar. På grunnlag av utleia revisjonskriterier innanfor disse områda vil det være mogleg å trekka konklusjonar om kommunen si verksemd.

Problemstillinga vedrørande arkiv- og journalarbeidet er avgrensa til å sjå på om enkelte av kommunen sine rutinar og tilhøyrande praksis er i samsvar med eigne bestemmingar, samt gjeldande rett.

¹ Sjå kap. 3 i Revisjonsforskriften og kap. 5 i kontrollutvalgs forskriften for utfyllande informasjon.

Problemstillinga knytt til innsynsrett i offentlege dokument er avgrensa til å sjå på om enkelte av kommunen sine rutinar og den tilhøyrande praksis for handsamin av dokumentinnsyn, førehandsklassifisering og meiroffentlighet er i samsvar med offentleglova.

Førerels problemstillingar²

1. Har kommunen et hensiktsmessig system for journal- og arkivarbeid?
2. Har kommunen et hensiktsmessig system for ivaretakelse av innsynsrett i offentlige dokumenter?

Revisjonskriterium

Omgrepet revisjonskriterium viser til dei krav og forventningar ein kan stilla til den funksjonen, aktiviteten eller prosedyren som er gjenstand for forvaltningsrevisjon, jf. RSK 001. Innafor ramma av eit kommunalt forvaltningsrevisjonsprosjekt, vil det vera føremålstenleg å avgrensa prosjektet til å sjå på eit utval av slike revisjonskriterium.

I dette prosjektet vil revisjonskriterier verta utleia med grunnlag i m.a.:

- Lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova)
- Lov om behandling i forvaltingssaker (forvaltningslova)
- Forskrift om offentlege arkiv (arkivforskrifta)
- Andre aktuelle forskrifter
- Aktuelle rundskriv og veiledarar
- Arkivplan for Fedje kommune

Metode

Prosjektet vert lagt opp etter RSK 001: "Forvaltningsrevisjon organisert som prosjekt". Revisjonen vil nyta både intervju og dokumentanalyse for å svara på problemstillingane i prosjektet. Det kan og vera aktuelt med spørjeskjema og gjennomgang av brukarmapper for å innhenta informasjon.

Det vil vera aktuelt å intervju arkivleiaren, tilsette ved servicetorget og eventuelt einingsleiarar. Alle intervjua vert verifiserte. Det betyr at intervjuobjektet les igjennom og godkjenner innhaldet i referatet frå intervjuet.

Førerels rapport vert sendt rådmannen for uttale, og svarbrevet vil følgja endeleg rapport.

Organisering og ansvar

Revisjonen tek initiativ til oppstartsmøte med rådmannen. Endeleg rapport vert sendt til kontrollutvalet som handsamar og avgjer om rapporten skal leggast fram for kommunestyret.

Tidsplan

Prosjektet vil starta opp på hausten 2017, og kan handsamast i kontrollutvalet i løpet av vinterhalvåret 2018.

² Problemstillingane kan bli endra om det synar seg hensiktsmessig, og det kan ha betydning for revisjonskriteria.

FEDJE KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Administrasjonsutval	20.11.2008	073/08	GUDA
Formannskap	24.11.2008	130/08	GUDA

Avgjerd av: Saksansv.: Dagrun Gunnarson	Arkiv: K1-417 Objekt:	Arkivsaknr 2008000681
--	--------------------------	--------------------------

OPPRETTING AV LÆREPLASS

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

HTA kap 6

Kva saka gjeld:

Opprettning av ny læringsplass som helsefagarbeidar

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret vedtok i budsjettetthandsaminga for 2006 at Fedje kommune igjen skulle ha ein læringsplass. Tidlegare har me hatt to læringsplassar, ein innan omsorgsarbeidarfaget (no helsefagarbeidar) og ein innan barne- og ungdomsarbeidar. Den siste læringsplassen har ikkje vore i bruk sidan 2004.

Fedje kommune har pr. i dag ein lærling innan helsefagarbeidar. Dette er ein vaksen lærling, som har full opplæring i bedrift, dvs. at læringsløpet er på heile fire år. Læringsløpet kostar det same for kommunen uansett lengde, lærlingen får berre mindre lønn jo lengre løpet er.

Saksutgreiing:

Me har fått inn nye søknader om læringsplass som helsefagarbeidar. Ein lærepllass som helsefagarbeidar har vore lyst ut gjennom ein generell utlysing av lærepllass som helsefagarbeidar gjennom Opplæringskontoret for Nordhordland som skjer kvar vår. Me fekk ingen søkjavar innan fristen. Lærlingen som no er teke opp, søkte etter fristen, og var då einaste søker.

Fedje kommune er medlem og medeigar i Opplæringskontoret for Nordhordland som administrerer læringsordninga for heile Nordhordland utenom Radøy, både private og offentleg verksemder. Dvs. at dei ordnar læringskontraktar, søknader om godkjenning frå fylkeskommunen, hjelper oss med opplæringsplanar, arrangerer felles læringsdagar og opplæring for rettleiarar, utdelingsseremoni for fagbrev mm. Kontoret vert finansiert gjennom tilskotet me får pr. lærling frå fylkeskommunen, og evt. overskot vert betalt attende til verksemndene i slutten av året. Tilskotet utgjer ca. 45000 kr pr lærling for dei med rett til vidaregåande utdanning og ca. 25000 kr for dei som ikkje har rett til vidaregåande utdanning.

Eit læringsløp utgjer litt forskjellig lengde, etter kva skulegang lærlingen har frå før. I løpet av læringsløpet får lærlingen lønn tilsvarende 50% av det ein fagarbeidar har i løpet av eit år. I læringsløpet skal lærlingen ha opplæring (gå på "toppen") tilsvarende ca eitt år (kan vere meir

om lærlingløpet er lenger), og arbeide som vanleg (verdiskapingsdelen) tilsvarende 100% stilling i eitt år (uavhengig av læreløpet sin lengde). Verdiskapingsdelen kan anten gjerast ved at ein ikkje tek inn vikar når lærling er på jobb eller ved å sette av eigen stilling til lærlingen. Uansett kjem dette til å få konsekvensar for dei som jobbar i plom frå før, t.d. ved at det vert færre ekstravakter ein kan få. Dette er ei aktuell problemstilling akkurat no.

Ekstra utgifter som kommunen må sette av pengar til, er

- 1) Å vere rettleiar er ein omfattande jobb. Rettleiar få noko fri til kurs/oppfølging av lærling osb., dessutan skal rettleiar ha eit funksjonstillegg på kr 12000 pr år.
- 2) Alle ulempetillegg for lærling for arbeid natt/kveld/helg.
- 3) Evt. om ein ikkje klarar å ta ut verdiskapingsdelen fullt ut. Sidan lærlingen skal starte med å arbeide fullt ”på toppen”, for gradvis å auke den delen av arbeidet der ho er ein del av den vanlege turnusen over to år, kan det by på nokre problem å få dette fullt ut til å gå i hop.

Reiknestykket for lærlingar ser slik ut:

(Dette forutsett at verdiskapingsdelen vert nyttा fullt ut)

	Lærling m/rett til vdg opplæring	Lærling u/rett til vdg opplæring
Total lønnsutgift gjennom heile lærlingløpet	355 000 kr (lønn + sosiale utg) I tillegg kjem ulempetillegg.	355 000 kr (lønn + sosiale utg) I tillegg kjem ulempetillegg.
Tilskot frå fylkes-kommunen	Minst 45 000 kr, men det er penger me nyttar til Opplæringskontoret i all hovudsak	Minst 25 000 kr, men det er penger me nyttar til Opplæringskontoret i all hovudsak
Verdiskapings del – Arbeid utført for kr	355 000 kr (til saman gjennom heile lærlingløpet)	355 000 kr (til saman gjennom heile lærlingløpet)
Avsatt frå Fedje kommune	Ca 40 000 kr (2009)	Ca 40 000 kr (2009)
Mogelege andre tilskot	KS sitt nye tilskot til lærlingplasser (mogeleg at bare er til nye lærlingplassar)	<ul style="list-style-type: none"> - Fylkesmannen sine tilskot til kompetansehevingstiltak - KS sitt nye tilskot til lærlingplasser (mogeleg at bare er til nye lærlingplassar)

Eventuelt andre tilskot vil gjere det mogleg å la lærlingen gå litt meir ”på toppen” eller kunne ta vekk kommunen sin ”eigeninnsats”. Om me får tilskot og evt. kor mykje veit me ikkje enda. Me kan ikkje søke om desse tilskota før me har lærling på plass.

Vurdering:

Rådmannen meiner at det er bra for Fedje kommune å ha lærlingar. Lærlingar sikrar kompetent arbeidskraft i framtida, sikrar lokale opplæringsplassar for ungdom og vaksne og skjerpar familjøet på arbeidsplassen. Det å ha lærling er rett og slett god kvalitetssikring fordi nokon går rundt og spør ”kvifor gjer de det slik?”.

Lærling treng ikkje koste kommunen noko særleg i kroner, om ein maktar å nytte verdiskapingsdelen fullt ut. Men det er klart at det å ha ein lærling inneber ekstra arbeid for eit arbeidsmiljø, men altså også ekstra gevinstar i form av skjerping av rutinar og kompetansemedvit.

Plom-leiar har drøfta saka med hovudtillitsvald for Fagforbundet 13.11.08. Fagforbundet er einig i at Fedje kommune bør ta opp ein lærling til innan helsefagarbeidarfaget pga. neverande og framtidig behov for kompetent arbeidskraft. Pleie og omsorgsleiar peiker på utvida behov for kompetent mannskap i forhold til evt. nytt omsorgssenter.

Fedje kommune har fleire gongar tidlegare hatt lærling innan pleie og omsorgsfeltet, og fleire fagprøver har vorte bestått. Pleie og omsorg har vist at dei har den faglege tyngde og organisering som gjer at dei kan fullføre eit lærlingløp innafor både faglege og økonomiske rammer. Me har ikkje hatt seriøse søkjavarar til barne- og ungdomsarbeidarplassen på fleire år, og med den personalsituasjonen me har innan feltet dei komande åra, er det vanskeleg å sjå korleis dei skal kunne sikre at verdiskapingsdelen vert teke i bruk, og det er lite moglegheit for tilsetjing etter ferdig utdanning.
Rådmannen ber difor om at den tidlegare lærlingplassen me hadde innafor barne- og ungdomsarbeidar vert gjenopprettet, og at denne vert omgjort til helsefagarbeidar dei komande åra.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fedje kommune opprettar ny lærlingplass innan helsefagarbeidarfaget frå 01.01.09, slik at det til saman vert to lærlingplassar i Fedje kommune, begge til helsefagarbeidar.

20.11.2008 ADMINISTRASJONSUTVAL

ADK-073/08 VEDTAK:

Administrasjonutvalet ønskjer å opprette lærlingplass innan helsefagarbeidarfaget frå 01.01.09, slik at det til saman vert to lærlingplassar i Fedje kommune, begge til helsefagarbeidar.

24.11.2008 FORMANNSKAP

F-130/08 VEDTAK:

Formannskapet sluttar seg til anbefalingane frå administrasjonsutvalet.

Samrøystes vedteke.